

Vedtekter for bruk av fond til fisk, vilt og friluftsliv. Oppretta i medhald av reviderte konsesjonsvilkår for Tessereguleringa.

Fastsett av kommunestyret i Lom 31.08.2017 i sak 38/2017. Godkjent av Fylkesmannen i Oppland den 28.09.2017

1. Føremål / bakgrunn for fondet

Fondet er oppretta i medhald av punkt 8 V i dei reviderte konsesjonsvilkåra for Tessereguleringa, fastsett i kongeleg resolusjon 28.10.2011:

Fra og med det år konsesjon er gitt, plikter konsesjonæren å innbetale et årlig beløp til Lom kommune på kr 100.000,- til opphjelp av fisk/ vilt/ friluftsliv. Beløpet skal justeres etter de tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer. Beløpet til fisk/vilt skal nyttes etter nærmere bestemmelse av kommunestyret. Med hensyn til tiltak som kommer friluftslivet til gode, skal beløpet nyttes etter nærmere bestemmelse gitt av Fylkesmannen.

2. Disponering av fondet

Midlane som blir betalt inn til fondet, og renter av fondsmidlane, blir plassert på bunden driftskonto i Lom kommune med kontonr. 25111018, «Fisk, vilt og friluftsliv - Tessereguleringa»

3. Tiltak som kan støttast av fondet

Fondet skal nyttast til tiltak som kjem inn under området «fisk, vilt og friluftsliv». Vilkåret er at tiltaka kjem allmennheita til gode. Midlane skal fortrinnsvis nyttast til investeringar og til arrangement/ aktivitetar som stimulerer til auka interesse og kunnskap om fisk, vilt og friluftsliv. I særskilte tilfelle kan midlar frå fondet nyttast til driftstiltak.

Eventuell ubrukte fondsmidlar kan samlast opp over tid og nyttast til større prosjekt.

Søknad om støtte må handsamast før tiltaket blir sett i verk. Arbeid eller kostnadar som kjem før tilskotet blir tildelt kan ikkje støttast.

4. Geografisk område

Fondet skal nyttast til tiltak knytt til fisk, vilt og friluftsliv i Lom kommune. Tiltak i vassdragsavsnitta som er direkte påverka av Tessereguleringa og nærliggande område innanfor Garmo sokn skal prioriterast.

5. Kven kan få støtte?

Kommunen kan bruke midlane til eigne tiltak eller etter søknadar frå friviljuge lag og organisasjonar eller privat næringsliv. Det er eit krav at søkjaren har eit organisasjonsnummer for å få stønad.

6. Søknad, avgjerdsmynde

Søknad om midlar frå fondet skal innehalde utfyllande skildring av tiltaket, framdriftsplan, kostnads- og finansieringsplan. Alle aktuelle søknader om tiltak skal behandlast samla ein gong i året. Søknadsfristen blir sett til 1. mars kvart år. Avgjerdsmynde blir lagt til formannskapet.

7. Tilskot

Tiltak kan etter søknad få maks 75 % tilskot av kostnadsoverslaget. Av totalt kostnadsoverslag skal 25 % eller meir bestå av eigeninnsats og/eller eigne midlar. Her blir det godkjent ein timesats på kr. 200.

8. Utbetalingar

Tilskotet kan utbetalast når tiltaket er gjennomført og kostnadene dokumenterte. Etter avtale kan det utbetalast inntil ei delutbetaling for dokumenterte kostnader undervegs i arbeidet.

9. Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som følgjer Forvaltningsloven og kan klagast til Lom kommune. Klagefristen er tre veker rekna frå dagen vedtaket kom fram til adressaten. Kommunestyret er klagenemnd. Her gjeld reglane i forvaltningsloven sitt kapittel VI. «Om klage og omgjøring».